

Sivilombudsmannen
Postboks 3 Sentrum
0101 Oslo

Dykker ref.: **Vår ref.:** **Sakshandsamar:** **Dato:**
 2019/6096 - 91431/2019 Geir Lien 28.05.2019

Oversendelse av besøksrapport Sivilombudsmannens besøk til Helse Bergen HF, Psykiatrisk klinikk Sandviken 14. - 16. august 2018 – tilbakemelding

Sivilombodsmannen gjennomførte besøk ved psykiatrisk klinikk 14-16 august 2018. På bakgrunn av de funn som blei gjort, kom Sivilombodsmannen 05.03.2019 med tilrådingar innan seks hovudområde for å sikre at verksemda ved Psykiatrisk klinikk er innanfor dei rammer som er gitt i høve gjennomføring av tvungent psykisk helsevern; fysiske tilhøve, skjerming, bruk av tvangsmidlar, behandling utan eige samtykke, ECT behandling og medverknad og informasjon til pasientar. Sivilombodsmannen har gitt frist for tilbakemelding til 31.05.2019.

Arbeidet med å svare ut sivilombodsmannen sin rapport har vore gitt høg prioritet i Helse Bergen HF, både administrativt og fagleg. Rapporten har også vore gjenstand for drøftingar i Helse Bergen HF sitt styre, både i eit eiga styreseminar og i ordinært styremøte.

Rapporten trekk fram tilhøve ved Psykiatrisk klinikk som krev endringar, både på kort og noko lengre sikt.

Dei langsiktige tiltaka er trekt fram i utviklingsplanen, Helse Bergen HF 2035. Her er det vist til naudsynte endringar innan psykisk helsevern både knytt til dei fysiske tilhøva og kapasitet på Sandvikenområdet, men like viktig korleis vi sikrar ei fullgod ivaretaking av alle våre pasientgrupper. Tiltak som kan iverksettes innan kort tid, er skissert i eigen rapport frå psykiatrisk klinikk, jfr vedlegg.

Det er som ledd i konkretiseringa av utviklingsplanen utarbeidd eit grunnlagsdokument som rår til eit tettare samarbeid mellom psykiatriske /rusmedisinske og somatiske fagområder, mellom anna gjennom **ei integrert mottaksfunksjon** som skal sikre ei betre vurdering av våre pasientar, særleg dei med uklåre symptom.

I forlenginga av dette vil vi også legge til rette for døgnplassar for pasientar med psykiske lidingar på Haukelandsområdet.

Vi vil i tråd med dette nytte arealet på Sandvikenområdet for meir krevjande pasientgrupper, pasientar som treng lengre opphold i sjukehus. Dette er pasientgrupper som i dag får sitt tilbod i

Psykiatrisk klinikk eller i klinikk for sikkerhetspsykiatri. På Haukelandsområdet vil vi ivareta pasientar som har trøng for kortare opphold.

Gjennom flytting av funksjonar til Haukelandsområdet vil vi ha tilstrekkeleg auka kapasitet knytt opp mot sikkerhetspsykiatri. Ei tettare integrasjon vil og legge til rette for kompetanseutvikling på tvers og ikkje minst styrking av dei konsultative tenestene.

Grunnlagsdokumentet legg til rette for meir differensierte tilbod i Psykiatrisk klinikk, der vi i større grad kan legge til rette for individuelle behandlingsforløp, forløp som er meir tilpassa den enskilde pasient sin behov.

Foretaksleiinga handsama grunnlagsdokumentet i møte 21 mai 2019 og slutta seg til tilrådingane i grunnlagsdokumentet. Det vil bli oppretta ei prosjektorganisasjon som skal vere på plass frå årsskiftet 2019/2020.

Det er og trøng for å redusere det samla belegg ved Psykiatrisk klinikk sine akuttposter og unngå eit over belegg og påfølgjande bruk av plassar i korridor. Det vert arbeid både med funksjonstilpasninger på Sandvikenområdet og å finne fram alternativ lokalisering utanfor Sandvikenområdet. Vi vil utvikle desse tiltaka i tråd med den langsiktige strategien som ligg i utviklingsplanen.

Psykiatrisk klinikk har arbeidd systematisk med Sivilombodsmannen sin rapport. Arbeidet har vore prega av brei involvering og grundig gjennomgang av rapporten og dei konsekvensar som kjem ut av denne. I dette arbeidet har ein involvert alle deler av Psykiatrisk klinikk, både brukarar, behandlerar, leiarar i klinikk. Det har og vore informert og drøfta tiltak knytt opp mot andre deler av divisjon Psykisk helsevern


Dei tiltak som Psykiatrisk klinikk no har lagt fram i rapporten, er finansierte i budsjettet til Helse Bergen HF. Arbeidet med utforming av de konkrete tiltaka er starta opp, og tiltaka er gitt høg prioritet.

Med venleg helsing



Eivind Hansen

Administrerande direktør



Hans Olav Instefjord

Divisjonsdirektør

1. vedlegg

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur